


# Konkurransesgrunnlag - Open tilbodskonkurranse FOA Del II



## Table of contents

- 1 GENERELL SKILDRING
  - 1.1 Om oppdragsgjevar
  - 1.2 Skildring av oppdragsgjevar sine behov
    - 1.2.1 Kort beskriving
    - 1.2.2 Utvida beskriving
  - 1.3 Deltilbod
  - 1.4 Viktige datoar
- 2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBOD
  - 2.1 Anskaffingsprosedyre
  - 2.2 Offentlegheit og teieplikt
  - 2.3 Oppdatering av konkurransegrunnlaget
  - 2.4 Kommunikasjon og tilleggsinformasjon
- 3 Tildelingskriterium
  - 3.1 Evalueringsmetode
- 4 Innlevering av tilbod og tilbodsutforming
  - 4.1 Innlevering av tilbod
- 5 Kontrakt

# 1 GENERELL SKILDRING

Kvam herad har vedteke å digitalisere eigedomsarkivet. Målsetjinga er å etablere eit komplett, heilheitleg digitalt eigedomsarkiv med fortløpande oppdatering. Prosjektets varighet vil avhenge av leverandørens kapasitet, men kommunen håper å ha det på plass i løpet av 2022.

Ved å etablere eit enhetlig digitalt eiendomsarkiv ønskjer Kvam herad å gje eit godt tilbod og god service til sine innbyggjarar, samstundes som sakshandsaminga vert meir effektiv og beslutningsgrunnlaget betre.

Denne anskaffinga omhandlar digitalisering av eigedomsarkivet til Kvam herad frå 1965 og frem til 01.01.2016, omstrukturering og merking av produksjonsarkivet fram til ein dato (vert avtala med valgt leverandør) for periodisering og ei god løysning for løpande oppdatering av produksjonsarkivet etter periodisering. Anskaffinga omhan omtala som arbeidsflate/innsynsverktøy for det enhetlig digitale eigedomsarkivet. I tillegg skal det beskrivast korleis eigedomsarkivet kan integrerast i andre løysingar og tenester slik som MinSide, sakssystemer og eksterne tenester som e-byggesøk og formidling av eigedomsinformasjon.

## 1.1 Om oppdragsgjevar

Oppdragsgjevar for denne konkurransen er Kvam herad. For nærare informasjon om oppdragsgjevar, sjå [www.kvam.no](http://www.kvam.no).

## 1.2 Skildring av oppdragsgjevar sine behov

Oppdragsgivar si skildring av leveransen følgjer av bilag 1 til kontrakt.

### 1.2.1 Kort beskriving

Anskaffinga omhandlar digitalisering av det historiske eigedomsarkivet til Kvam herad. Arkivet består av ulike papirarkiv og digital arkivdatabase.

### 1.2.2 Utvida beskriving

Kvam herad har vedteke å digitalisere eigedomsarkivet. Målsetjinga er å etablere eit komplett, heilheitleg digitalt eigedomsarkiv med fortløpande oppdatering. Prosjektets varighet vil avhenge av leverandørens kapasitet, men kommunen håper å ha det på plass i løpet av 2022.

## 1.3 Deltilbod

Det er ikkje høve til å gje tilbod på delar av oppdraget.

## 1.4 Viktige datoar

Oppdragsgjevar har lagt opp til fylgjande tidsrammer for prosessen:

--	--

Aktivitet	Tidspunkt
Eventuell tilbudssynfaring/tilbudskonferanse	Det vert ikkje lagt opp til felles synfaring.
Frist for å stilla spørsmål til konkurransegrunnlaget	10/20/2020 12:00 PM
Frist for å levera tilbod	10/30/2020 12:00 PM
Tilbudsopning	10/30/2020 12:00 PM
Evaluering	Veke 45 -46, 2020.
Eventuell dialog	Veke 45 - 46, 2020.
Val av leverandør og kunngjering til leverandørar	Oktober/November 2020.
Karensperiode	10 dagar rekna frå tildeling.
Kontraktsinngåing	November 2020
Vedståingsfrist for tilbodet	3 månader rekna frå tilbodsfrist.

Det blir gjort merksam på at tidspunkta ettertilbodsfrist er førebelse og kan bli justerte. Ei eventuell forlenging av vedståingsfristen for tilbodet kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

## 2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBOD

### 2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I og del II. Kontraktstildeling vil bli gjort etter prosedyren open tilbuds konkurranse jf. FOA § 8-3.

Oppdragsgjevar planlegg å tildela kontrakt utan å ha dialog med leverandørane utover å gjere eventuelle avklaringar/korrigeringar.

Dialog gjennom forhandlingar kan likevel bli gjennomført dersom oppdragsgjevar, etter at tilboda er mottatte, vurderer det som formålstenleg. Utveljinga vil i så fall bli gjort etter ei vurdering av tildelingskriteria. Det blir presisert at ingen leverandørar kan forvente dialog om tilbudet sitt og derfor må levere sitt beste tilbud.

## 2.2 Offentlegheit og teieplikt

For å lmenta sitt innsyn i dokument knytte til ei offentleg anskaffing, gjeld offentleglova. Oppdragsgivar og tilsette pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil vere av konkurransemessig verdi å halde hemmeleg, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og jf. forvaltningslova § 13.

## 2.3 Oppdatering av konkurransegrunnlaget

Innan utløp av tilbudsfrist har Oppdragsgjevar rett til å gjera rettingar, suppleringar eller endringar i konkurransegrunnlaget som ikkje er av vesentleg karakter.

Rettingar, suppleringar eller endringar vil bli sendt til alle som har meldt si interesse i Mercell. Opplysningar som Oppdragsgjevar gjev på forespørsel av ein Tilbydar, vert umiddelbart bli sendt til alle dei øvrige i anonymisert form.

Opplysningar om rettingar, suppleringar og endringar vert kunngjort elektronisk via Mercell portalen. Ved ein revisjon av konkurransen, vil det visa som ein ny versjon av konkurransen. Når det gjeld tilleggsopplysningar vil dei koma fram i fanebladet Tilleggsinformasjon i Mercell portalen. Leverandørar som allereie har meldt si interesse vil og få ei melding via sin e-post, om at det er gitt tilleggsinformasjon på konkurransen, eller det er gjort ei revisjon av konkurransen. Føl lenkja i denne meldinga slik at du kjem inn på den aktuelle konkurransen.

Dersom det vert oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, ber me om at det vert formidla til oppdragsgjevar via kommunikasjonsmodulen i Mercell-portalen.

## 2.4 Kommunikasjon og tilleggsinformasjon

All kommunikasjon i prosessen skal gå via Mercell-portalen.

Dette for at all kommunikasjon skal loggførast. Når du er inne på konkurransen skal du velgje fanebladet *Kommunikasjon*. Klikk deretter på ikonet "*Ny melding*" i menylinja. Skriv inn informasjon til oppdragsgjevar og trykk deretter på "*Send*". Oppdragsgjevar mottok deretter meldinga di. Dersom spørsmålet angår alle tilbydarane vil oppdragsgjevar svare på dette i anonymisert form ved å gje svaret som ein tilleggsinformasjon. Tilleggsinformasjon er tilgjengeleg under fanebladet *Kommunikasjon* og deretter under fanebladet *Tilleggsinformasjon*. Du vil også få ein e-post med ein link til tilleggsinformasjonen.

## 3 Tildelingskriterium

Tildelinga vil skje på bakgrunn av kva for eit tilbud som har det beste forholdet mellom pris / kostnad og kvalitet, basert på desse kriteria angitt i prioritert rekkjefølgje:

**Kriterium**

*Pris / Kostnad: vekta 30 %*

*Kvalitet:*

*- Oppdragsforståing: vekta 60 %*

*%*

*- Kompetanse på tilbydd*

*personell: vekta 10 %*

**Dokumentasjon**

- Ferdig utfylt prisskjema

- Svar frå tilbydar i vedlegg 2 - Kravtabell, samt øvrige svar i

konkurransen.

### 3.1 Evalueringsmetode

Tildelingskriteria vert gjeve karakter på ein skala frå 1-10 som vert vekta til ein score for kriteriet. Score for kriteria vert summert og tilbydar med høgast score vert tildelt oppdraget.

## 4 Innlevering av tilbod og tilbodsutforming

Bekreft ynskje om å levera tilbod elektronisk i Mercell ved å gå til fanebladet "Gi tilbud", og deretter trykka på knappen "Jeg ønsker å tilby." Dette er meint som en indikator på om innkjøpar kan forventa tilbod eller ikkje. Du bind deg ikkje som leverandør ved å bekrefte at du ynskjer å tilby. Det er ynskjeleg at tilbydar bekreftar om dei ynskjer å tilby så raskt som mogleg.

### 4.1 Innlevering av tilbod

Alle tilbod skal leverast elektronisk via Mercell portalen, [www.mercell.no](http://www.mercell.no) innan tilbodsfristen. For seint innkomne tilbod vert avvist. (Systemet godtek ikkje å senda inn tilbod elektronisk via Mercell etter tilbodsfristens utløp.)

Er du ikkje brukar hos Mercell, eller har du spørsmål knytt til funksjonalitet i verktøyet, for eksempel, korleis du skal gje tilbod, ta kontakt med Mercell Support på tlf: 21 01 88 60 eller på e-post til: [support@mercell.com](mailto:support@mercell.com).

Det er anbefalt at tilbodet vert levert i god tid før fristen sitt utløp, f.eks. minimum 1 time før tilbodsfristen sitt utløp.

Kjem det tilleggsinformasjon frå oppdragsgjevar som fører til at du ynskjer å endra tilbodet ditt før tilbodsfristen går ut, kan du gå inn og opna tilbodet, gjera eventuelle endringar og levera på nytt heilt til tilbodsfristen går ut. Det siste leverte tilbodet vert rekna som det endelege tilbodet.

#### Elektronisk signatur ved levering.

Du vil under innleveringprosessen kunne bli bedt om ein elektronisk signatur for å bekrefte at det er aktuell tilbydar som har sendt inn tilbodet. Elektronisk signatur kan de skaffa på [www.commfides.com](http://www.commfides.com), [www.bypass.no](http://www.bypass.no) eller [www.bankid.no](http://www.bankid.no).

Me gjer merksam på at det kan ta nokre dagar å få levert elektronisk signatur slik at denne prosessen vert satt i gang så snart som mogeleg.

## 5 Kontrakt

Avtalebetingelser vil basere seg på SSA-T, Statens standardavtale for utviklings- og tilpasningsavtale.

<https://www.anskaffelser.no/verktoy/kontrakter-og-avtaler/utviklings-og-tilpasningsavtalen-ssa-t>